
Søkjær

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Stryn kommune
Institusjonsnamn	Stryn bibliotek
Postadresse	Postboks 355
Postnummer	6782
Poststad	Stryn
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Kristin
Etternamn	Hatledal
Telefon	97 024 543
E-post	postmottak.bib@stryn.kommune.no

Sluttrapport

Tittel på tiltaket	Lesekondis og leselyst i Stryn
Tildelt beløp	75 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2022
Mål for tiltaket	Bidra til å auke leselysta og lesekondisen til barn i kommunen. Få auka opp formidlingskompetansen vår retta mot barn og unge. Rekruttere nye brukargrupper til biblioteket. Måle effekt ved besøk og utlån i biblioteket.

Rapport

Grunnen til at vi ønskte å starte dette prosjektet var at vi følte at skulane hadde fått mindre merksemd med oss siste åra i forhold til barnehagane. Vi delte prosjektet i tre delar. Den eine delen skulle fokusere på 1. trinn på den største sentrumsskulen, den andre delen skulle fokusere på 8. trinn på den største ungdomsskulen og den tredje delen skulle vere eit generelt tilbod ut mot foreldre og lærarar til barn og unge i kommunen.

Gjennomføring

Vi byrja med å kontakte rektor og lærarar på trinna vi ville fokusere spesielt på. Vi formidla også ut eit tilbod til alle rektorane om at vi ønskte å bli invitert inn på foreldremøte og personalmøte i kommunen kommande skuleår. Det var viktig å ha god dialog på dei to trinna der slik at dei visste kva som var tenkt. Vi var også på foreldremøte på begge trinna for å informere om prosjektet, og kva vi håpte det skulle føre med seg. Vi forhøyrd oss med trinna om det var noko spesielle tema dei skulle jobbe med for å sjå om vi kunne knytte noko bøker oppimot det som dei allereie hadde på agendaen. Eit døme var at 1. trinn skulle jobbe med sosiale tema «alle med» den eine veka vi møtte dei. Då fann vi ei bok til lesestund som fokuserte på det med venskap og utanforskap. Med unntak av det første møtet med 1. trinn så kom bibliotekaren ut til klasseromma for å møte elevane der. Vi gjennomførte tre besøk på hausten og tre besøk på våren i 1. trinn. Der var to klassar på trinnet, så i alt 12 formidlingsstunder hadde vi med 1. trinn i løpet av skuleåret.

På 8. trinn hadde bibliotekaren laga eit opplegg med ei blanding av at elevane skulle trene seg på å lese bøker sjølv og vurdere dei, og at dei skulle bli lest høgt for. Begge deler var både for å trene opp lesecondisen og for å oppdage gledene ved lesing og finne «den rette boka». På det første besøket hadde bibliotekaren funne fram eit utval bøker. Elevane fekk så ei bok kvar som dei skulle lese fem minutt i og så sende vidare til neste elev. I alt tre bøker fekk dei ein smakebit av den dagen. Desse skulle dei så enkelt rangere og så reflektere litt over kva dei likte eller ikkje likte med boka. Bibliotekar hadde laga klart skjema på førehand og tok så med seg desse tilbake. Dette brukte ho som grunnlag for neste besøk der dei gjorde det litt på same måten, men no var det berre to bøker og dei skulle bruke ti min på kvar. Bibliotekar hadde også opplegg der ho las høgt frå romanar. Dette var for at dei skulle trene på å utvide lyttevindauget sitt. På 8. trinn besøkte bibliotekaren dei tre gongar i løpet av hausten og tre gongar i løpet av våren. Der var det tre klassar, så bibliotekaren gjennomførte 18 formidlingstimar. I tillegg hadde vi depot med bókassar i begge trinna som vi bytte ut.

Vi var også på besøk på foreldremøte rundt om i kommunen. Bibliotekaren opplevde det som svært givande å få vere med på desse møta med foreldre og pedagogar på skulane. I alt sju besøk på foreldremøte vart det tilsaman. Vi hadde likevel håpa på ein endå større respons for å komme rundt på foreldremøta og personalmøta til pedagogane.

Resultat

Det å måle effekt av tiltaka er ikkje så enkelt. Det vi kan seie er at det har vore særst nyttig for å auke opp formidlingskompetansen vår retta mot barn og unge. Det var to bibliotekarar som tok seg av opplegget. På 1. trinn hadde ikkje bibliotekaren vore så mykje ute å formidla til barn og unge i den aldersgruppa tidlegare, men prosjektet gav meirsmak til å gjere det vidare. Vi hadde også vore lite på

ungdomsskulen for å formidle før, så dette var også nytt for den bibliotekaren som var der. Vi har difor absolutt auke opp formidlingskompetansen vår. Vi håpar og trur at det også har vore nyttig for å auke leselysta og lesecondisen til dei to trinna vi fokuserte på. I alle fall ser vi at mange av barna på 1. trinn har brukt biblioteket flittig både i og utanfor skuletid. Det at dei då har fått med seg foreldra inn på biblioteket for å låne bøker gjer også at vi trur vi har fått rekruttert nokre nye brukargrupper til biblioteket. Det at vi var så mykje oppe på eit trinn på barneskulen gjorde også at dei andre trinna lurte på kva vi dreiv med og gjerne også ville ha besøk. Det førte blant anna til spontane besøk innom andre klassar også når vi først var der.

Det vi har sett mest umiddelbar effekt av er likevel foreldremøta. Bibliotekaren som har vore ute på dei kjenner att foreldre som kjem innom biblioteket for første gong, etter at ho har vore ute for å formidle viktigheita av lesing i heimen, og boktips til ulike aldersgrupper. Vi har ikkje sett noko stor auke i utlån og besøk på biblioteket denne tida prosjektet har gått føre seg. Det samla utlånet vårt gjekk litt opp frå 2021 til 2022, og så stabiliserte det seg i 2023, men det er såpass små skilnadar at det er vanskeleg å tilskrive prosjektet noko effekt utifrå dette.

Vidare framover

Vi hadde håpa at vi skulle klare å halde fram like systematisk som vi gjorde det året vi hadde prosjektpengar. Av ulike grunnar har vi ikkje fått til dette så godt som vi hadde håpa. Bibliotekaren som hadde ansvar for 8. trinn jobbar ikkje på biblioteket lenger, og det vart vanskeleg for andre å gå inn i hennar rolle sidan vi var midt i tilsettingsprosess med ny bibliotekar. Samtidig har det vore hektiske tider med bytte av biblioteksystem, som har tatt mykje av tida til biblioteksjef, som var den som hadde ansvaret for 1. trinn. Vi ser likevel at trinnet ofte kjem på besøk på biblioteket og bibliotekaren kjenner barna på ein anna måte enn dei andre barna på skulen. Ho veit namnet på alle barna og har meir kunnskap om kva dei likar å lese og nivå som ein kan legge seg på. Det at vi fekk så god kontakt med trinnet gjorde det også naturleg å invitere dei til ei spesiell juleframsyning vi hadde på biblioteket før jul.

Sjølv om vi følte at sist år forsvann veldig fort i andre ting vi måtte ta oss av, så har erfaringane frå dette prosjektet vore ein vekkjar for oss, saman med rapportar om fallande leseferdigheiter og leselyst blant barn og unge. Vi har difor bestemt oss for å sette større fokus på dette og tilby jamlege besøk til barnehagar og skule. Noko av det skal inngå i den lokale kulturelle skulesekken som faste opplegg, men vi vil også tilby meir utanom dette til dei som ønskjer det. Vi håpar også at vi skal få jobbe meir saman med andre instansar i kommunen for å auke fokuset på lesing. Vi er mellom anna med på eit prosjekt som rettar seg spesielt mot barn 0-6 år, men vi ønsker å også ha eit opplegg for barn i skulealder.

Som bibliotekaren som hadde ansvar for 8. trinn rapporterte så er det ei utfordring å lese for ungdom. «Både fordi dei ikkje har ro i kroppen og fordi dei ikkje er vande med det lenger. Men vi må ikkje gløymd eller misse trua på at dei kan. Vi må ha trua på høgtlesing. Det gjev noko til dei som ikkje nødvendigvis ropar så høgt om kva dei likar. Som vaksne skal vi også evne å sjå og tenkje på dei. Vi må tore å stå i den «lange» lesetida med dei, i oss sjølv og vise lærarar og andre vaksne at å lese

høgt for kvarandre gjer godt. Eg trur eg lærte at det treng ikkje vere så fancy og spenstige rammer, dei treng ro og gjentaking for å lære og akseptere at dette er kjekt. Ein må ikkje haste for fort forbi, fordi det ikkje fengjar første vekene. I vår tid er det ei utfordring i seg sjølv. Vi må lære oss å lære vekk leseglede som om det var noko nytt. For generasjonane flyttar seg fort på tidslinja, fortare enn at nedarva kunnskap held følge, dei må sjølv erfare lesetid.”

Rekneskap

-
- [SKM_C224e23090311440.pdf](#)
-

Vedlegg
